

VEDTEKTER FOR SAGVÅG MARITIME FUS BARNEHAGE AS

Vedtatt av styret for Sagvåg maritime FUS barnehage AS. Vedtatt 04.01.2021

1. Barnehagen vert eigd og driven av

Sagvåg maritime FUS Barnehage AS

2. FØREMÅL

Aksjeselskapet sitt føremål er på best mogeleg måte å etablere og driva Sagvåg maritime FUS barnehage i Stord kommune.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomens eigenverd. Den skal bidra til trivnad og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar og dei av Kunnskapsdepartementet til einkvar tid fastsette forskrifter og retningslinjer
- b) Rammeplan for barnehagar
- c) Vedtak i Sagvåg maritime FUS Barnehage.
- d) Årsplan /verksemdsplanar for barnehagen.
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine egne tryggleiks/ internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
- g) Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr.

Eigne sjekklister og dokumentasjon for internkontroll finnes i barnehagen si HMS-mappe og beredskapsplan.

3. BARNEHAGEN SINE ORGAN:

3.1 Eigarstyret

Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for aksjeselskapet og skal vere et kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagens øvste organ mellom generalforsamlingane.

3.2 Årsmøtet (Generalforsamlinga)

Årsmøtet (generalforsamlinga) er barnehagens øvste myndigheit. Det er egne vedtekter for aksjeselskapet.

3.3 Foreldreråd

For å sikre samarbeidet med barnets heim, skal barnehagen ha et foreldreråd.

- a) Foreldrerådet består av alle foreldra /føresette i barnehagen og skal fremme deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø.
- b) Foreldrerådet har mandat til å vedta at foreldrebetalinga kan setjast høgare enn maksimalsatsen, ref § 4 forskrift om foreldrebetaling.
- c) Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet.
- d) Ved avstemming i foreldrerådet vert kvart barn gitt ei stemme, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

3.4 Samarbeidsutval (SU)

For å sikre samarbeidet med barnet sin heim, skal barnehagen ha et samarbeidsutval.

- 1) SU skal være et rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- 2) Foreldra og dei tilsette vel ein representant per base/etasje til SU. Det skal i tillegg veljast ein vara. Det vil sei at kvar base/etasje skal representerast av ein føresett og ein tilsett.
- 3) Dagleg leiar er eigar sin representant i SU. Som eigar sin representant har dagleg leiar stemme-, møte-, tale- og forslagsrett i SU.
- 4) SU vert valt for eitt år om gongen og konstituerer seg sjølv (val av leiar og sekretær).
- 5) SU held møter etter ein oppsett plan, eller etter behov. SU leiar kallar inn til og leiar møta i SU. Dagsorden skal følgje møteinnkallinga.
- 6) Ved likt tal stemmer på samarbeidsutvalet sine møter avgjer dagleg leiar si stemme.
- 7) SU skal behandle årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. I tillegg skal utvalet ha det overordna ansvaret for å planleggja samt gjennomføra ulike sosiale arrangement i barnehagen, som juletreffest og sommaravslutning.

3.5 Foreldremøter

Det skal haldast minst to foreldremøte i året. Dagleg leiar har ansvar for innkalling og gjennomføring.

4. OPPTAK - OPPSEIING

4.1 Overordna målsetning:

Ved opptak av barn skal det leggjast vekt på at barnehagelova sin formålsparagraf vert ivareteken og barnehagen sin kapasitet og funksjon vert utnytta best mogleg.

Det skal vera ei hensiktsmessig samansetjing mellom alder og kjønn.

I hovudregelen skal opptak gjerast av barn som er busett i Stord kommune på søknadstidspunktet. Dersom barnehagen ikkje får fylt opp plassane med barn busett i kommunen kan barnehagen ta opp barn frå omkringliggande kommunar.

4.2 Tilbod:

Barnehagen har følgjande barnehagetilbod:

100 % - 5 dagar/veke

4.3 Prioritering

Dersom barnehagen ikkje kan tilby plass til alle som søker skal opptak skje med utgangspunkt i den overordna målsetninga (punkt 4.1) og etter følgjande prioritetsrekkefølge.

1. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak i barnehagen, jf Lov om barnehagar § 18, med merknader. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen.
2. Barn med lovfesta rett til barnehageplass jf Lov om barnehagar § 16
3. Barn av personalet kan få prioritet dersom tilbod om barnehageplass fordrast for å sikra rekruttering av kvalifisert personale.
4. Søsken av barn som allereie har plass i barnehagen med prioritering etter første barns ansiennitet. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt. Dette gjeld også om barn i barnehagen skal byrja på skulen det året føresette ynskjer plass til aktuelle søsken, og om søsken ikkje oppfyller lovfesta rett til barnehageplass.

5. Barn som elles står på barnehagen si venteliste. Plassen vert tildelt ut frå gruppesamansetting, alder og kjønn om tilhøva elles er likt.

4.4 Opptaksmynde:

Barnehagen er med i samordna opptak i Stord kommune. Søknadsskjema vert sendt til kommunen og barnehagen mottek søkjarlista innan avtalt frist.

Dagleg leiar lagar ei innstilling i høve til samordna opptak og føretekt opptak etter punkt 4.1 og 4.3.

Avgjersle skal treffast så snart som mogeleg etter at det er motteke ei oppseiing. Ved supplerande opptak i løpet av barnehageåret vert opptaket si overordna målsetting; punkt 4.1 og prioriteringslista; punkt 4.3. Tildeling av plass skal skje skriftleg.

Ved tildeling av plass signerer foreldra/føresette på at dei har godkjent barnehagen sine vedtekter.

4.5 Klagerett

Søkjarar som har fått avslag på sitt 1. eller 2. val av barnehageplass ved hovudopptaket har klagerett. Klagefristen er 3 veker etter at meldinga er mottatt, eller søkar burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerda jfr § 9 i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Klagen må leggjast fram skriftleg til kommunen, og den skal grunngjevast. Kommunen skal undersøkje dei forhold klagen grunngjev og leggje klagen fram for barnehageeigar jfr forskrifta si § 7 og 8.

Den som får medhald i si klage vil få tilbod om neste ledige plass i barnehagen.

Ved supplerande opptak kan berre søkjarar med lovfesta rett til barnehageplass klage dersom dei ikkje vert tilbydd plass jfr forskrifta si § 6.

4.6 Opptaksperiode:

Barnet har plass frå startdato som er oppgjeve i tilbodsbrief.

Barn som får plass i Sagvåg maritime FUS barnehage AS har fast plass frem til 14.08 det året barnet byrjar på skulen.

Barnehageåret går frå **15.august til 14.august, året etter**

4.7 Permisjon:

Permisjon kan kun innvilgast for eit avgrensa tidsrom dersom særlege tungtvegande grunnar skulle tilsei at dette er rimeleg. Særleg tungtvegande grunnar kan for eksempel vera at barnet sin forsørgjar mister si økonomiske forsørgingsevne.

Permisjon vert avgjort av eigarstyret og kan berre bli gitt løyve for inntil 12 månader av gongen. Nytt barn vert tatt opp i plassen i permisjonstida og skal bli tilbydd det barnet som har best prioritet etter reglane om opptak.

4.8 Oppseiing av plass:

En plass skal seiast opp skriftleg med 2 månaders varsel. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Oppseiingstida er gjeldande om ein takkar ja til plass, men ynskjer å stå vidare på venteliste til 1. ynskje.

Eigarstyret beheld retten til å krevja full betaling i oppseiingsperioden om plassen ikkje kan overtakast av andre. Plassen kan overtakast av eit anna barn i oppseiingstida, dersom barnehagen har fylt opp alle sine plassar og det nye barnet som får tilbod om plass, ønskjer å begynne før.

Barnehageplass som vert sagt opp frå og etter 1. april må betalast ut barnehageåret. Sjekk barnehageåret i punkt 4.6 i vedtektene. Det betyr at barnehageplass som vert nytta etter 31.05 blir fakturert og må betalast ut barnehageåret.

5. AREALUTNYTTING

Barnehagen sitt leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 kvm netto pr. barn over 3 år og 5,3 kvm netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak. Vedrørande arealutnytting gjeld til einkvar tid "Lov om barnehagar" (rundskriv Q-0902 B).

6. OPNINGSTIDER

Barnehagen held ope fem dagar i veka frå kl. 06.30 - 16.30. Behovsundersøking kan endre den endelege opningstida. Opphaldstid for det enkelte barn skal avgrensast innanfor den angitte opningstida. Barna skal leverast og hentast innanfor dei fastsette opningstidene.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyttårsaftan held me stengt. Jul, påske og sommar kan opningstidene verta justert etter behov.

Barnehagen held stengt 5 planleggingsdagar i året. Nærmare beskjed vert gitt i god tid.

7. FERIE

Barnehagen har feriestengt i veke 29 og 30.

Det er ein føresetnad at alle barn har ferie saman med sine føresette. Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av året. 3 av disse vekene skal vera samanhengande i perioden 20. juni til 20. august. Søknad om å avvikle ferien i et anna tidsrom kan bli innvilga dersom det kan skje utan ekstra kostnader for barnehagen. Søknaden vert levert dagleg leiar i god tid.

Foreldra skal så snart som mogleg i april gje melding om når barna skal ha sommarferie, og seinast innan 15. april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider dagleg leiar ferieliste for personalet, og plan for sommar drift av barnehagen. Planen skal leggjast fram for samarbeidsutvalet til uttaling, og eigarstyret til godkjenning innan utgangen av mai kvart år.

8. BETALING

Foreldrebetaling for ein plass i Sagvåg maritime FUS barnehage as skal ikkje setjast høgare enn maksimalgrensa. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjett vedtak. Det skal betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri måned. Matpengar kjem i tillegg.

Ved fråvær må avgifta betalast. Det reknast for fråvær dersom barnet ikkje møter i rett tid etter ferien. Uregelmessig betaling kan forårsake at barnet mister plassen.

Foreldrebetalinga forfell til betaling forskotsvis den 1. i kvar måned. Dersom foreldrebetalinga ikkje er betalt innan forfall på inkassovarsel mister barnet plassen i barnehagen umiddelbart. Vanlege reglar for oppseiing vil då gjelde, sjå pkt 4.8. Det skal betalast fram tom 14.august det året barnet byrjar på skulen.

9. MAT

Barnehagen serverer kald eller varm lunsj kvar dag. Barna tar med matpakke til frukost. Mjølkk og frukt er inkludert i mat pengar.

10. HELSEMESSIGE FORHOLD/FRAVÆR

Forskrift for miljøretta helsevern i barnehage og skule, samt arbeidsmiljølova slår fast at barnehagen som verksemd og arbeidsplass skal vera helsefremjande. Det tyder at barn og tilsette ikkje skal utsetjast for unødig smitte.

Dersom eit barn er sjukt eller har fråvær av andre grunnar må barnehagen få melding om dette så snart som mogleg. Uregelmessig frammøte utan at det vert gjeve melding til barnehagen kan medføra at barnet mistar plassen.

Sjuke eller sterkt forkjøla barn må haldast heime dersom det føreligg smittefare.

Dersom barnet ikkje kan vera ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna bør barnet haldast heime. Dagleg leiar avgjer i tvilstilfelle om barnet kan vera i barnehagen.

11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldre/føresette sjølv ansvarleg for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet. Barnet skal hentast av en vaksen person som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet skal hentast av ein annan person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnet sine foreldre/føresette om kven som skal hente barnet.

Beskjedar blir gitt direkte til personalet.

Aksjeselskapet/personalet har ikkje ansvar for barna sine med bragde klede eller andre eigendelar, for eksempel vogn.

Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan at det vert nytta forskriftsmessig sikring av barnet, og at det føreligg skriftleg samtykke frå foreldre/føresette.

12. INTERNKONTROLL

Barnehagen har internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikringsarbeid (internkontrollforskriftene). Dokumentasjon vert oppbevart i barnehagen. Internkontrollperm for helse, miljø og tryggleiksarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerlig oppdatert av dagleg leiar.

13. DAGLIG LEIAR/PERSONALE

13.1 Tilsetjingar

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av eigarstyret. Øvrig personalet vert tilsett av dagleg leiar. Dagleg leiar representerer barnehagen sine eigarar og er barnehagen sin daglege administrative og pedagogiske leiar.

Dagleg leiar rapporterer til eigarstyret.

Politiattest må leggjast fram ved tiltreding.

13.2 Instruks

Instruks for dagleg leiar vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

14. MISLEGHALD

Dersom foreldre/føresette som har barn i barnehagen bryt eller unnlèt å følgje barnehagen sine vedtekter, foreldrerådet sine retningslinjer og avgjerder kan eigarstyret gå til oppseiing av plassen med umiddelbar verknad. Vanlege reglar for oppseiing vil då gjelde, sjå punkt 4.8.

Dersom barnet gjentekne gonger blir henta etter barnehagen si ordinære stengetid, og dette medfører ekstra lønnskostnader for barnehagen, kan eigarstyret påleggje foreldre/føresette å betale denne ekstra kostnaden.

15. SNUS OG RØYK

Barnehagen er snus- og røykfri.

16. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt i følgje Barnehagelova § 44 og opplysningsplikt i følgje barnehagelova § 45 og 46.

§ 44. Teieplikt

For verksemdar etter denne lov gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13f tilsvarande.

§ 45. Opplysningsplikt til sosialtenesta.

Barnehagepersonalet skal gje sosialtenesta bistand i klientsaker. Dei skal i sitt arbeid vera merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta si side, og dei skal av eige tiltak gje sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre gis etter samtykke frå klienten, eller så langt opplysningane elles kan gis utan hinder av teieplikt. Opplysningar skal normalt gis av styrar.

Endrast ved lov 24. juni 2011 nr.30 (ikr. frå den tid Kongen bestemmer)

§46. Opplysningsplikt til barnevernstenesta

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vera merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side.

Utan hinder av teieplikta skal barnehagepersonalet av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det føreligg andre formar for alvorleg omsorgssvikt, jf. Lov om barnevernstenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. same lov § 4-24. Også etter pålegg frå dei organ som er ansvarlege for gjennomføringa av lov om barnevernstenester, pliktar barnehagepersonalet å gje slike opplysningar. Opplysningar skal normalt gis av styrar.

17. ENDRING AV BARNEHAGENS VEDTEKTER

Desse vedtektene er vedtatt av styret i Sagvåg maritime FUS Barnehage AS **04.01.21**. Eigarstyret har myndighet til å endre barnehagen sine vedtekter etter at endringsforslag er førelagt samarbeidsutvalet til uttaling.

Svarslipp

Eg/Me er kjent med og aksepterer barnehagen sine vedtekter.

Vedtekter (m.a. reglar om oppseiingsfristar m.m.) er bindande frå tilbodet om plass vert akseptert.

Skal plassen seiast opp er det berre skriftleg oppseiing som er gjeldande.

Namn på barn _____

Dato _____ Underskrift _____

Svarslippen skal sendast eller leverast til Sagvåg maritime FUS Barnehage AS.